



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 06.03.2015

Vår ref.: 2015/3158

Arkivnr.:

Innovasjon Norge Rogaland
Postboks 8034
4068 STAVANGER

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Oppdragsbrev 2015 - strategisk bruk av dei bedriftsretta landbruksmidlane

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har gitt Fylkesmannen i Rogaland i oppgave å formidle den strategiske bruken av dei bedriftsretta landbruksmidlane i oppdragsbrev til Innovasjon Norge Rogaland.

LMD har i oppdragsbrev til Innovasjon Norge også gitt dei regionale løyvingane. For Innovasjon Norge Rogaland er ramma for midlane i 2015 fastsett slik;

Ramme for bedriftsretta tilskot: 38,9 mill kroner

Låneramme som grunnlag for rentestøtte til enkeltverksemder: 67,40 mill kroner

Fylkesmannen i Rogaland er tildelt kr 5,22 mill kroner til sitt arbeid med utvikling og tilrettelegging.

Handsaminga av enkeltsøknadar skal vere i samsvar med «Forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket», fastsett 19. desember 2014. *Regionalt bygdeutviklingsprogram for Rogaland* er ein overordna strategi for landbruksbasert utvikling, og målretta miljø- og klimaarbeid. *Regionalplan for landbruk i Rogaland* inngår i programmet, og er fylket sin viktigaste strategisk plan for landbruket. Programmet skal bidra til å utløyse regionale fortrinn og potensial for næringsutvikling knytt til heile breidda av landbruket sitt ressursgrunnlag. Midlane til investering og bedriftsutvikling er eit viktig økonomisk verkemiddel for å nå målet om auka produksjon og verdiskaping i landbruket.

Midlane kan gis;

- som støtte til investeringar med mål om å oppretthalde eit variert landbruk i heile fylket, gjennom å bidra til etablering, oppgraderingar og modernisering av driftsapparatet, eller
- til utvikling av landbruksbaserte næringer.

Innovasjon Norge Rogaland skal forvalte dei midlane i høve til tiltaksområda i forskrifta;

- etablering av ny verksemd
- bedriftsutvikling
- investeringar i produksjonsanlegg
- investeringar i økologisk fruktdyrking
- investeringar i samband med generasjonsskifte

Innovasjon Norge Rogaland er ein svært viktig utviklingsaktør i arbeidet med nasjonal og regional landbrukspolitik. Dei bedriftsretta midlane skal nyttast slik at dei legg til rette for langsiktig lønsam verdiskaping, samt busetting i heile fylket med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedomen spesielt. Den regionale landbrukspolitikken har mål om eit aktivt og variert landbruk i heile fylket. I dette ligg ein klar distriktsprofil. Rogaland har klare utfordringar med å oppretthalde og skape vekst i landbruket, særleg i distrikta. Vidare er det viktig at midlane bidreg til auka rekruttering til landbruksnæringane og at fleire kvinner vel bondeyrket.

Konkrete føringar for Innovasjon Norge Rogaland

Regionalplan for landbruk i Rogaland med oppfølgjande handlingsprogram, gir ramma for landbruksbasert næringsutvikling generelt, og bruken av dei bedriftsretta midlane spesielt. Overordna føringar for dei prosjekt Innovasjon Norge Rogaland skal gi tilskot til, er at tilskota har klar effekt for lønsemda i prosjekta og at kunden har tilstrekkeleg kompetanse og profesjonalitet. Større satsingar skal prioriterast framføre mange små enkeltprosjekt. Ved vurdering av enkeltprosjekt kan Innovasjon Norge Rogaland også legge til grunn totaløkonomien på gardsbruket, og i dette også det totale ressursgrunlaget og lokaliseringa av dei disponible areala.

I Rogaland er det viktig med sterkt merksemd på det tradisjonelle landbruket, med mål om auka berekraftig matproduksjon. I 2015 skal Innovasjon Norge Rogaland nytte minimum 75 % av tilskotsmidlane og 85 % av rentestøttemidlane til det tradisjonelle landbruket i fylket. Det er også viktig å få større omfang av nye landbrukstilknytte næringar i Rogaland. Innovasjon Norge Rogaland kan i 2015 nytte inntil 25 % av tilskotsmidlane og 15 % av rentestøttemidlane til utvikling av landbruksbaserte næringar (tidlegare år kalla bygdenæringar).

Midlane skal prioriterast til dei grovfôrbaserte produksjonane, og til grønsaksproduksjon/veksthus og frukt. Innovasjon Norge Rogaland skal nytte midlane på ein slik måte at dei bidrar til variert bruksstorleik og eit aktivt landbruk i heile Rogaland. Det er spesielt viktig at mjølkeproduksjonsvolumet i distrikta blir halde oppe, samt at det blir auka satsing på storfekjøttproduksjon. Kraftfôrbaserte produksjonar (fjørfe og gris) og pelsdyrnæringa har ikkje prioritet.

Distrikta skal prioriterast og 70 % av midlane skal nyttast utanom dei sentrale områda på Jæren. Nye kufjøsprosjekt i distrikta skal ha særst høg prioritet og Innovasjon Norge Rogaland skal praktisere høg utmåling av tilskot til slike prosjekt, gitt at også andre føresetnader er oppfylte. I slike prosjekt er det viktig at prosjekta er godt tilpassa garden sitt tilgjengelege ressursgrunnlag. 46 % av jordbruksarealet i fylket er innmarksbeite. Rogaland er landets største beitefylke og beiteressursane utgjer ein kritisk fôrressurs for landbruket. Prosjekt som legg til grunn auka bruk av beiteressursane, skal prioriterast ved utmåling av tilskot. I den grad det skal nyttast investeringsmidlar til nye kufjøs på Jæren, skal prosjekt av «middels» buskapsstorleik ha prioritet. I slike prosjekt blir det særst viktig med god avstemming mellom produksjon og ressursgrunnlag.

Når det gjeld det tradisjonelle landbruket på Jæren, skal investeringsmidlane nyttast på ein slik måte at landbruket samla får auka konkurransekraft, med særst vekt på miljøutfordringane. Dette gjeld i hovudsak gjødsellager. Vassdrag som blir omfatta av miljøavtalar gjennom *Regionalt miljøprogram*

skal ha prioritet. Nytt frå og med 2015 er at Håelva inklusiv Tverråna inngår i området som skal ha prioritet.

Det er ønskeleg med auka bruk av tre i driftsbygningar i Rogaland, gjerne lokalt virke. Bygg i tre skal ha høgare prioritet enn andre bygg. Ved investering i ny driftsbygning av massivtre-konstruksjon, kan det opnast for å gi inntil kr 150 000 i ekstra tilskot.

Det er viktig å få opp auka omfang på lokalmat – og reiselivsområdet. Innovasjon Norge Rogaland kan i 2015 bruke inntil 1,5 millionar kroner til utviklingstiltak i fordelingsbedrifter innan lokalmat/reiseliv, med vilkår om at tiltaka gir synlege meirverdiar for primærleddet. Kravet om 30/70- fordelinga gjeld ikkje desse midla.

Fylkesmannen er tydeleg på at landbruket i Rogaland må ha som mål å auke matproduksjonen. Vi ser at dette målet vil bli møtt med fleire utfordringar på miljøområdet. Miljøutfordringane gjeld fleire stader i fylket, men særleg på Jæren. Jæren er og skal vere motoren i vårt landbruk. Sett i lys av dette vil Fylkesmannen om kort tid sette ned ei arbeidsgruppe for m.a. å sjå på om ein større del av investeringsmidlane til landbruket bør gå til miljøtiltak. Arbeidsgruppa skal vere ferdig med sitt arbeid innan oktober 2015 – og gruppa sin rapport blir deretter diskutert i landbrukspartnarskapen.

Når det gjeld tilskot til nye juletreprodusentar og til etablering og vidareutvikling av frukthagar, viser vi til eigne kriteriedokument for desse næringane.

Landbruket i Rogaland har stort potensiale i både å produsere og gjere seg nytte av fornybar energi frå landbruket. Det vere seg skogbasert eller biogass frå husdyrgjødsel. Når det gjeld bioenergi frå skogbruket viser vi til sentrale ordningar, men også til regionale føringar i m.a. *Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland*. I åra som kjem er det også viktig å ha merksemda retta mot etablering av biogassanlegg og bruk av biogass. Nytt frå og med 2015 er at det er etablert ei ny tilskotsordning for leveranse av husdyrgjødsel til biogassanlegg, gjennom eiga forskrift. Innovasjon Norge kan bli ein endå viktigare aktør innan auka bruk av miljøteknologiske ordningar i landbruksnæringane generelt og veksthusnæringa spesielt. Nye landbruksnæringar, auka verdiskaping og auka konkurransekraft i landbruket er måla. Innovasjon Norge Rogaland kan gi midlar til biogassprosjekt, som utløysande tilskot til pilotanlegg eller til enkeltelement i utviklingsprosjekt.

Innovasjon Norge har ein stor tenesteportefølgje som landbruksnæringane i alt for liten grad gjer seg nytte av. Vi oppmodar Innovasjon Norge Rogaland om å informere breitt om desse tenestene, slik at innovasjon, teknologi, kompetanseheving og forskning, i større grad også finn rotfeste i primærnæringane.

Rapportering

Innovasjon Norge Rogaland skal innan 1.februar 2016 sende eigen rapport til Fylkesmannen i Rogaland, på bruken av midlane i fylket for 2015. Rapporten skal vurdere verkemiddelbruken i forhold til Regionalt bygdeutviklingsprogram i Rogaland og føringane i dette brevet. Anna rapportering og styringsdialog følger samarbeidsavtalen mellom Innovasjon Norge Rogaland og Fylkesmannen i Rogaland. Dette for å sikre ei samordna forvaltning av midlane i fylket.

Kontroll

Innovasjon Norge Rogaland står for utbetaling av midlane til dei som mottok tilskot. Det skal først rekneskap det det til ei kvar tid går fram informasjon om tilskotsmottakarane, ansvar for løyvd midlar, avsetningar til tapsfond og utbetalningar under ordninga. Det må vere etablert tilstrekkeleg gode kontrollsystem og – rutinar, både internt hjå Innovasjon Norge Rogaland og ovanfor tilskotsmottakarane.

Ved sida av Innovasjon Norge kan LMD, Fylkesmannen i Rogaland og Riksrevisjonen gjennomføre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadane. Fylkesmannen i Rogaland, eller andre som er peika ut av LMD, kan kontrollere at Innovasjon Norge Rogaland forvaltar ordninga slik det er fastsett i dette brevet.

Kalender

1. Innovasjon Norge Rogaland skal innan 1.februar 2016 sende rapport om bruken av midlane i 2015 til Fylkesmannen i Rogaland, med kopi til den regionale partnerskapen. Rapporten skal omfatte vurdering av verkemiddelbruken i forhold m.a. føringane i dette brevet.
2. Fylkesmannen i Rogaland skal innan 28.februar 2016 sende rapport om bruken av midlane i 2015 til LMD, med kopi til Innovasjon Norge. Rapporten skal også omhandle bruken av utviklingsmidlane til økologisk landbruk.
3. Innovasjon Norge Rogaland skal innan 15.august 2015, sende rapport til Fylkesmannen i Rogaland som viser bruken av midlane så langt i året. Denne midtvegsrapporteringa kan gjerast i ei noko enklare form.

Innovasjon Norge Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Rogaland Bondelag, Rogaland Bonde- og Småbrukarlag, Rogaland Skognæringsforum og Fylkesmannen i Rogaland, utgjer ein kraftfull regional landbrukspartnerskap i Rogaland. utfordringane og moglegheitene for landbruket er mange og fortsatt godt samarbeid om desse, blir endå viktigare for å sikre eit framtidig konkurranskraftig og attraktivt landbruk i fylket. Vi vil understreke at Innovasjon Norge Rogaland er viktig i dette arbeidet – og vi ser fram til samarbeidet også i 2015.

Vi vil elles gi Innovasjon Norge Rogaland ros for god måloppnåing på landbruksområdet i 2014.

Med helsing

Geir Skadberg
fung. landbruksdirektør

Anfinn Rosnes
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Geir Skadberg
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 92
E-post: fmrogs@fylkesmannen.no

Kopi til:
Landbruks- og matdepartementet Postboks 8007 Dep 0030 Oslo
Rogaland Skognæringsforum
Rogaland fylkeskommune
Rogaland Bondelag
Rogaland Bonde- og Småbrukarlag